

Invitasjon til Valldalsleidkonferansen

— ein fagleg og inspirerende arena for nettverksbygging, infrastrukturarbeid og verdiskaping langs Valldalsleia

Onsdag 13.juni kl 1000-1630 på Martin Linge-huset i Valldal

Vi er no godt i gang med forprosjekt for utvikling og verdiskaping langs Valldalsleia støtta av Møre og Romsdal Fylkeskommune. Valldalsleidkonferansen skal vere ein fagleg og inspirerende arena for nettverksbygging, infrastrukturarbeid og verdiskaping langs Valldalsleia. Målgruppa er grunneigarar, næringsdrivande og potensielle gründarar både lokalt i Valldal/Norddal kommune, men også og langs resten av leia til Dovre. Vi inviterer også samarbeidspartnarar (aktørar frå Kystpilegrimsleia, kommunar, fylkeskommune, kyrkja, DNT med fleire) og lokale og regionale media.

Program

- 1000-1030 **Registrering Martin Linge-huset.** Kaffi/te og bakst.
- 1030-1040 **Ordførar Arne Sandnes ynskjer velkomen.**
- 1040-1120 **Nasjonalt pilegrimssenter ved Mattias Jansson (produktansvarleg):** Infrastruktur, skjøtsel og produktutviklingspotensiale. Nasjonalt og internasjonalt marknadspotensiale for pilegrimsvandring, og korleis pilegrimsleiene vert marknadsført.
- 1120-1200 **Hans-Jakob Dahl, Pilegrimssenter Dovrefjell:** Presentasjon av Valldalsleia og føresetnader for å lukkast i infrastrukturarbeid og verdiskaping.
- 1200-1300 **Ut på tur til Korsbrekka og utelunsj:** Vi går opp til Korsbrekka og får servert utelunsj der frå Sylteormen bakeri.
- 1300-1420 **Vandring frå Korsbrekka til hamna og opp att til Martin Linge-huset:**
- Sylte kyrkje, omvisning og orientering v/Morten Gravdal
 - Sylte hotel, omvisning v/ Mathilde og Ole Henrik Uri
 - Piren på småbåthamna, segna om Sylteormen v/Astor Furset
 - Hamna, orientering om Olsokarrangementet v/Terese Jemtegård Moen
- 1420-1440 **Abbedisse Thavoria og nonnene presenterer Nonneklosteret i Norddal og aktiviteten der, og fortel litt om planane for kloster på Syltefjellet.**
- 1440-1500 **Ingrid Meslo frå Meslo Gard:** Presentasjon av Meslo gard, tilbodet dei har til pilegrimar langs Gudbrandsdalsleden og erfaringar dei har gjort seg.
- 1500-1520 **Børge Dahle frå Hæverstølen:** Presentasjon av Hæverstølen og tilbodet dei har til pilegrimar langs Gudbrandsdalsleden, og erfaringar dei har gjort seg.
- 1520-1530 **Kaffi/forfriskningar. Inndeling i grupper for arbeidsøkt**
- 1530-1620 **Arbeidsøkt:** Idemyldring mulegheiter/potensiale for verdiskaping. Innleiarane vert fordelt på gruppene.
- 1620-1630 **Oppsummering av arbeidsøkt og vel heim!**

Konferansen er gratis! Påmelding til terese@fjordhagen.com innan 11.juni